

Som skapt for Finnesloftet

Det er beint fram utruleg kva to gjennomprofesjonelle musikarar kan få ut av nokre timar med intensiv øving.

► KONSERT

Irene Tillung og Tore Brunborg har aldri spelt saman før, men det hadde nok mange av dei som fylte Finnesloftet søndag kveld vanskeleg for å tru. Kanskje gjer eit samarbeid som berre har vart nokre få helgetimar deg ekstra skjerpa, det var i alle fall ein intens nerve i musikken frå fyrste tone. Ein intensitet som aldri let seg gjen-skapa, som er der og då.

– Det var ei utruleg flott stemning i publikum, sa Tore etter konserten. Både han og Irene er overmåte nøgde med Finnesloftet som konsertlokale.

Gammelt og nytt

Konserten opna med Blix-salmen Syng i stille morgonstunder, i eit vemodig og sårt arrangement med Tore sine unike saksofontonar oppå Irene sine kraftfulle og dragande harmoniar. Den mollstemte og såre stemninga held seg, med få unnatak konserten i gjennom. Eit uttrykk som høver duoen godt, og som ikkje minst sat godt i dei sju hundre år gamle veggene i Finnesloftet.

Salmediktaren og -omsetjaren Blix kom også attende seinare i konserten. Denne gongen med ein jolesong, av alle ting. Men vakker musikk er aldri feil, uansett årstid, og tonen Berit Opheim har lært Tore til Den fagreste rosa, er nettopp vakker.

Ein liten operaarie fekk duoen også plass til, som ein liten gest til NordAccordion sin operapub



TROLLBATT: Det gjekk stadige sukk gjennom det fullsette Finnesloftet på debutkonserten til duoen Tore Brunborg og Irene Tillung. Det var nesten som om tilhøyrarane ikkje pusta før tonen døydde ut. FOTO: NILS KVAMSDAL

i Tre Brør Bar kvelden før. Ein nydeleg versjon av Bellmann sin epistel nr 81, Mærk hur vår skugga, var for underteikna eitt av høgdepunkta på konserten. Bellmann si påskrift «diktad vid Grafven» seier det meste om grunntonen i denne epistelen.

Eigne verk

Hovudinnhaldet i konserten Songar i loftet var likevel musikk dei to musikarane har laga. Brunborg sin Sævelid ber namnet sitt fordi låten vart framført nettopp i Osa-heimen fyrste gongen.

– Eg har prøvd meg på ein

slags folketone som eg rett og slett har kalla Springar, Eg veit ikkje om det er ein skikkeleg springar, men ... annonserte Tore sitt neste verk. Springar var det, og duoen greidde endå til å leggja litt vemod og molltonalitet inn i noko så lettbeint og lystig som springaren. Det fungerte som berre det.

Gupu og Tunn is er også låtar som ber Brunborg sitt bumerke. Gupu er ei lita hylling til eit turområde like ved heimplassen vest for Sandvika i Bærum. Berre drygt 200 meter over havet, men fint, i fylgje tonediktaren. I alle fall teikna Tore

eit landskap med tydelege og delikate detaljar, presist utporsjonerte.

Irene sine bidrag til konserten heitte Djerpe steg, Leik og Vintersøvn. Leik var ein skikkeleg rudl, medan Djerpe steg og Vintersøvn bar ein meir tenksam og filosofisk tone. Det er lett å forstå kvifor Irene har ei vek-sande stjerne som komponist og arrangør, det ligg meisterskap bak tonebileta ho skapar.

Vakker slutt

Konserten slutta med kjent materiale. Rudlen Gamleslåten syntte at kombinasjonen

saksofon – akkordeon fungerer særdeles bra til folkemusikk. I alle fall når arrangement og framføring står til 20 både i stil og innhald.

– Og publikum var langtfrå klare til å sleppa dei to strålande musikarane. Vedvarande trampeklapp resulterte i ei av Alf Prøysen sine aller vakraste viser: Trassvisa hennes Tora. Sjølvsaugt sår og vemodig, sjølv varemerket til ein duo me bør høyra langt meir til i ikkje altfor fjern framtid.

► Nils Kvamsdal

nk@avisa-hordaland.no

Ein takk til verdsarven

– På ein slik plass kan ein ikkje spela kva musikk som helst. Her må det verta nasjonalromantisk fest!

► NORDACCORDION

Geir Draugsvoll og kinesiske Hanzhi Wang levde opp til førehandsreklamen under middagskonserten på Stalheim søndag. Med mektige Jordalsnuten og det minst like mektige synet nordaustover Nærøydalen som kulisser, serverte duoen norske perler, ispedd eit par danske folkesongar.

Grieg

Fjoråret var fullt av musikalske markeringar av Edvard Grieg sitt 150-årsjubileum.

– Personleg tykkjer eg det er betre balanse i 151, så me vil markera 151-årsjubileet, sa

Draugsvoll med ein smil. Deretter opna han og Wang med Morgenstemning og Anitras dans, akkurat så mystisk lyrisk og rytmisk pregnant som desse to verka skal låta.

Det vert påstått at Grieg skal ha sagt at trekkspillet høyrest ut som eit forkjølt villsvin. Det er mogleg at dei belgspela Grieg i si tid kom i kontakt med var meir asmatiske enn godt var, for den vesle bergensaren med den store barten hadde neppe sagt det same etter konserten på Stalheim.

Solo

Nasjonalromantikken er sjølv-sagt ein periode i musikk- og kunsthistoria, men det handlar òg om sjela i musikken. Derfor vart det ikkje feil då Geir gjekk vidare i programmet med ei soloavdeling der han fyrst framførte sitt eige arrangement

av Pernille Frøholm sin Dina- valsen og deretter Henning Sommerro sin Blå salme, skrive til Erik Bye sin fantastiske tekst. Musikk av langt nyare dato enn det som normalt vert kalla nasjonalromantikk.

Etter 33 år i Danmark, uttalar Draugsvoll seg med autoritet når det gjeld dansk folkemusikk – eller mangeleg på denne.

– Du skal vera meir enn alminneleg positiv for å påstå at danskane har folketonar å skryta av. Men dei har ein del fine songar, sa strendingen – og gav til beste to slike. På Lytt til vinden brukte han endåtil belgen som lydmalande vindkulisse.

Skilnader

Også Hanzhi Wang, elev av Geir og alt feira på store scener verda over, hadde si soloavdeling. Igjen var det Grieg som stod i



FEST: Hanzhi Wang og Geir Draugsvoll held det dei lova då dei inviterte til nasjonalromantisk fest på Stalheim. FOTO: INGE DRAUGSVOLL.

fokus, og på programmet stod Preludium, Gavotte og Rigaudon – 1., 3. og 5. satsen frå Holberg Suite – eller Fra Holbergs tid, som suiten eigentleg heiter.

– Dei to soloavdelingane gav eit interessant innblikk i skilnadene mellom dei to musikarane – eller kanskje heller skilnadene i temperament. Medan Draugsvoll let tonane koma til seg og vellyden breia seg og ta sin plass, angreip Hanzhi musik-

ken med ungdomleg entusiasme og iver. Sjølvsaugt heilt i sin orden når det handlar om tre spretne allegro/allegretto-satsar, men interessant å observera i alle fall.

Frå Stalheim tok Draugsvoll både studentar og ein del av publikum med seg vidare til elevkonsert i Bakka kyrkje.

► Nils Kvamsdal

nk@avisa-hordaland.no